

Årsmelding

2015



Modalen kommune

Innhald




Rådmannen	side 3
Økonomi og rekneskap	side 21
IKT	side 28
Kulturkontoret	side 29
Modalen folkebibliotek	side 31
Sosialtenesta	side 32
Pleie- og omsorgstenesta	side 33
Helsesenteret	side 36
Mo skule	side 40
Modalen barnehage	side 44
Teknisk etat	side 46

Rådmannen

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at me har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafor dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organiseringa og samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2015.



Barnehagen endra drifta frå tre til to avdelingar i 2. halvår 2014

Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av eigne ansvarsområde. Rådmannen si vurdering byggjer på tilbakemelding og rapportering frå einingsleiarane.

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå

Politisk er det ikkje utarbeidd eller vedteke reviderte resultat og utviklingsmål for 2014 eller 2015.

Kommunal rapport gav ei evaluering av årsmeldinga til Modalen kommune for åra 2012 og 2013. Samla sett fekk me ein karakter på gjennomsnittsnivå, med best resultat på enkelheit og økonomisk kontroll, men dårleg på målstyring.

For alle kommunar er det positivt for tenestekvalitet og ressursbruk at det vert sett fokus på overordna målstyring for tenesteområda i ei drøfting mellom politisk og administrativt nivå. Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering i organisasjonen. I budsjett / økonomiplan for 2016 har einingsleiarane presentert tre konkrete utviklingsmål for kvart tenesteområde. Desse vil danne grunnlag for ei evaluering av måloppnåing i neste årsmelding (for 2016).

Nedanfor har rådmannen gjeve ei tilbakemelding for 2015 i høve tidlegare fastsette mål.

Økonomi

Mål	Oppfølging i organisasjon
Halde budsjetttramma	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på ansvar for økonomistyring og budsjettdisiplin på einingsleiarnivå er vidareført. • Einingsleiarar leverer avviksrapportar annakvar månad til rådmannen. • Avvik i høve budsjett er rapportert til formannskap/kommunestyre ved tertialrapportering og ved drøfting av budsjett/økonomiplan. • Ved behov er sak for vedtak om endring av rammer for drift og investeringar utarbeidd og vedteke av kommunestyret. • Resultat: Som varsla ved rapportering 2. tertial endar vi opp med eit totalt forbuk som er under budsjett. Endeleg resultat er betre enn føresetnaden i desember. Alle einingar er nær balanse og nokre rammer er godt under budsjett. Totalt mindreforbruk i høve budsjett: kr 2,8 millionar.
Identifisere sårbare område i driftsbudsjettet	<ul style="list-style-type: none"> • Einingsleiarar vurderer endra føresetnader i høve budsjett i sine rapportar til rådmannen kvar 2. månad. • Tiltak vert sett i verk for korreksjon innan vedtekne rammer / meldt kommunestyre i tertialrapportar.
Økonomiplan drift må utviklast som eit aktivt styringsreiskap	<ul style="list-style-type: none"> • Rådmannen legg erfaringar og oppdaterte rammebetingelsar til grunn for sitt budsjettframlegg. • Rådmannen peikar i budsjettprosessen på endra føresetnader for kommunen sine inntekter i økonomiplanperioden framover. • Rådmannen har lagt fram prognosar og gjennomført kvalitetskontroll av grunnlaget for eigedomsskatt på kraftverk i planperioden. • I budsjettprosessen vert handlingsrom for politiske vedtak både for drift og investeringar gjort synleg. • Kommunen sin økonomi skal vere berekraftig over tid. Korrigert netto driftsresultat rekneskap 2015: Kr 7,1 millionar (8%) • I økonomiplanperioden 2016-19 er det vedteke eit uspesifisert krav til inndecking for saldering av driftsbudsjettet. Dette avviket må dekkast inn frå 2017 og framover.

Tenesteutvikling medarbeidarar

Mål	Oppfølging i organisasjon
God etisk standard	<ul style="list-style-type: none"> • Vedtekne etiske retningslinjer vert lagt til grunn. • Tema på rådmannen sine leiarmøter og i politikaropplæringa • Einingsleiarar har ansvar for oppfølging av retningslinjer på sine personalmøter og ved kontrollrutinar i drifta • Det er i 2015 innført felles retningslinjer for IKT-bruk i kommunane
Kompetente medarbeidarar	<ul style="list-style-type: none"> • Kompetansebehov vert meldt frå einingsleiarar. • Årleg plan for kompetansetiltak vert rullert i januar. Fokus å halde vedlike / heve fagkompetansen innan fag og leing som kommunen har behov for. • Interne og eksterne kurs / opplæring er gjennomført for einskildpersonar og grupper på einingsnivå. • Etter innføring av nytt sak- og arkivsystem og andre elektroniske fagsystem er det frå 2014 gjennomført mykje intern opplæring for saksbehandlarar og opplæring av «superbrukarar» i samarbeid med kommunane i regionen.
Motiverte medarbeidarar som arbeider mot felles mål	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunestyret sine resultat- og utviklingsmål er kommunisert i organisasjonen. Kvalitet og nivå på tenester vert drøfta i einingane, og nye mål er konkretisert i budsjettframlegg for 2016. • Det er gjennomført ulike trivselstiltak i einingane for å styrkja motivasjon og fellesskap. • Det har sidan 2014 vore innført ordning med trim i arbeidstida. • Vi har ikkje utarbeidd overordna felles beskriving av mål for teneste / service.
Synleg leiar for heile organisasjonen	<ul style="list-style-type: none"> • Rådmannen har delteke på møter i einskilde einingar og på fellesarrangement. • Det er faste leiarmøter med krav til deltaking. • Rådmannen har regelmessig møte med hovudtillitsvalde. • Årleg medarbeidarsamtale er gjennomført med leiarar.

<p>Inkluderande arbeidsliv / IA-bedrift</p>	<ul style="list-style-type: none"> • IA-avtale vart revidert våren 2014, og nye mål er fastsett i samarbeid med tillitsvalde. • Avtalen har vore tema i leiarmøte, personalmøter, AMU og møter med tillitsvalde og verneombod. • Fokus på oppfølging av IA-avtale i personalarbeid på einingsnivå. • Behov for tilrettelegging vert kartlagt gjennom årlege vernerundar og tiltaksplan for HMS-arbeid i samarbeid med verneombod og bedriftshelsetenesta. • Bedriftshelsetenesta er trekt inn i einskildsaker og i fellesprosjekt for kartlegging av behov, rådgjeving og gjennomføring av prosessar i høve arbeidsmiljøarbeid. • Mål for reduksjon av sjukefråvær er ikkje nådd, men varierer mellom einingar. Korttidssjukefråværet er lågt på alle einingar. Langtidsfråvær dreg prosenten opp sidan det er små einingar. Samla fråvær i 2015 var på 7,6 prosent. Dette er ein nedgang frå året før då det var 8,8%.
<p>Effektiv organisasjon</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Administrativ organisering er tilpassa behovet. • Fokus på å utvikla kompetanse og felles organisasjonskultur for å gjere leiarar kompetent til å ta eit delegert ansvar. • Innført nye elektroniske fagsystem. Fokus på å endra rutinar og «avvikla gamle arbeidsmetodar» for å ta ut gevinstar i organisasjonen gjennom betre effektivitet, sikrare løysingar og betre kvalitet på tenestene. Der vi har nådd betre effektivitet har dette frigjeve tid til å løysa andre oppgåver. • Gjennomfører endringar av ansvar og oppgåver i dialog med tilsette når behov endrar seg. • Teke i bruk rammeavtalar for innkjøp. E-handel innført november 2014. Teke i bruk system med opplysningar for innmelding via «A-ordninga» frå lønssystemet til Altinn frå 1.1.2015. • Innført e-meldingar i samhandling mellom sjukehus og kommunen si helse- og omsorgsteneste.

Tenesteutvikling for innbyggjarar

Mål	Oppfølging i organisasjon
<p>Innbyggjarane skal verta sikra tenester med fokus på kvalitet og service.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på at brukarane skal få løyst sine behov på eit lågast mogleg nivå i organisasjonen, og at dei vert møtt med ei servicevenleg innstilling. • Sett i verk organisatoriske tiltak for å effektivisera sakshandsaminga og betra servicen til innbyggjarane ved innføring av nytt sak- og arkivsystem. • Mål å gje god og oppdatert informasjon på heimesida • Årleg gjennomfører skulen nasjonale prøvar for 5., 8., og 9. klasse, elevundersøking for 6.-10. klasse og obligatoriske kartleggingsprøvar i lesing, rekning og engelsk for 1.-4.klasse. • Resultata frå «Kommunebarometeret» vert nytta til intern vurdering og behov for iverksetting av tiltak for tenesteområda

Lokalsamfunnsutvikling

Mål	Oppfølging i organisasjon
<p>Det skal vera godt og trygt å bu i Modalen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utfører kommunale tenester fastsett i budsjett, og i samsvar med lov og forskrifter for dei ulike tenestene. • Gjennomført tiltak for å betra mobildekninga i samarbeid med Telenor. • Det er etablert redundans i fibernett og telefonsamband til/frå kommunen. Føreteke utbetringar når svakheitar er avdekka. • Etablert automatisk start av nødstraumsaggregat til «noderom» ved straumbortfall. • Oppstart av ein overordna ROS-analyse for kommunen.
<p>Modalen skal ha eit godt omdøme</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på at einingane brukar den kommunale heimesida til å leggje ut informasjon og nyhende • Fokus på å følgje opp ulike førespurnader / saker innan fristar, og på ein servicevenleg måte. Vise at vi, som liten kommune med ein samansveisa organisasjon, kan snu oss rundt og avklare svar raskt • Rådmann og einingsleiarar deltek aktivt i ulike fora i regionen og profilerer kommunen
<p>Næringsvenleg kommune</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Modalen er med i Hordaland fylkeskommune sitt «Kom an-prosjekt» og Osterfjord Nærings samarbeid • Vi føl opp lokale bedrifter og nyetablerarar med rettleiing og stønad frå næringsfondet

Gode fritids og kulturtilbod	<ul style="list-style-type: none"> Lokale lag og organisasjonar har gode driftsvilkår med hjelp, oppfølging og stønad innan vedteke budsjett
Nye bustad og næringsareal	<ul style="list-style-type: none"> Under arbeid med ny kommuneplan /arealplan er behov avklara, men ikkje løyst Kommunestyre har vedteke å utarbeide områdeplan i område Otterstad/Trohaug for å avklare nye bustadareal

Politisk samarbeid

Mål	Oppfølging i organisasjon
Halde fokus på saker som er politisk prioritert	<ul style="list-style-type: none"> Politiske vedtak er følgt opp og rapportert til formannskap/kommunestyre Rådmannen har ein løpande dialog med ordførar
Evaluering av mål og strategiar	<ul style="list-style-type: none"> Rapportering i årsmelding og innspel til budsjettarbeid

Kundetorget / informasjon

For kundetorget er det sett følgjande mål for hausten 2015/ vår 2016

- Ta i bruk ny møteportal for utsending av innkalling /saker til politiske møte. Gje opplæring i bruk til politikarar slik at dei får ei brukarvenleg løysing i sitt politiske arbeid. Integrere løysing mot etablert program for Acos Møte og Innsyn.

Gjennomført i januar 2016

- Ta i bruk intranett til intern kommunikasjon i kommunen. Samle informasjon, rutinar og reglement som skal vere til hjelp for sakshandsamarar, nytilsette, leiarar og verneombod og andre funksjonar. Integrere løysing mot etablert internett, men unngå at ein må oppdatere data begge stader – lage henvising til heimesida.

Starta prosjektet i sept 2015 og teke i bruk mars 2016

- Utvikle heimesida slik at den er brukarvenleg og oppdatert med opplysningar til innbyggjarar og andre som søker informasjon om kommunen. Skal vere førstevalget for utlegging/publisering av informasjon i organisasjonen og innbyggjarar og andre sitt førsteval for søk etter informasjon om kommunen.

Starta arbeidet i sept 2015. Fokus på vidare kontinuerleg oppdatering.

STØRRE HENDINGAR I 2015

Mobilsamband

I 2013 deltok Modalen kommune i Telenor sitt pilotprosjekt for utfasing av analoge fasttelefonar og utbygging av betre mobildekning i Modalen. Prosjektet vart avslutta med idriftsetting av ein ny sendar ved Krossdal den 9. desember 2015. Dette gav god mobildekning og oppetid i dette området.

Kommunestruktur

Kommunen har i 2015 delteke i prosess for å utgreia og vurdera ulike alternativ for Modalen ved endringar i framtidig kommunestruktur. Det vart arrangert folkemøte om saka den 28.04.2015 på Mobryggja med eit frammøte på om lag 50 personar.

Kommunehus – kommunalt servicebygg

Eit forprosjekt for eit nytt servicebygg retta mot offentlege og private kontorarbeidsplassar vart utarbeida i 2015. Forprosjekt vart presentert for nyvald kommunestyre hausten 2015.

Kalking av Modalselva

Etter avtale med Fylkesmannen si miljøavdeling har Modalen kommune vore byggherre og skal vere eigar av kalkingsanlegget som har vore under oppføring. Investeringar og drift er finansiert med statlege midlar. Det er sett ut rogn og føreteke oppfiske av laks i elva. Kultiveringsarbeidet vil halde fram og verte utvida frå 2016. Elveeigarlaget har siste året delteke aktivt i prosjektet. Kalkingsanlegget vert sett i drift i mai 2016



Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2015 var folketalet i Modalen 378 innbyggjarar, og auka til 381 ved utgangen av året. I løpet av året flytta 31 personar inn og 26 flytta ut av kommunen. Av desse flytta fem inn frå utlandet og null til utlandet. Netto innflytting var totalt fem. Tre vart fødde og fem døydde. Vi hadde derfor eit negativt fødselsunderskot på to.

Samla sett resulterte dette i ein auke på tre personar (+0,8 %). Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalet i Modalen er positive for komande år. Så langt har det vore vanskeleg å bryte 400-talet.

I Modalen har folketalet hatt slik utvikling :

Per 1.1.	1994	2004	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Innbyggjartal	343	366	351	344	370	370	383	372	378	381

I tiårsperioden frå 2004 til 2014 har folketalet vore nær stabilt, men med mindre årlege svingningar.

Kommunale utleigebustader – bygging av nye private bustader - bustadtomter

Etter revisjon av tilskotsreglementet for bustader i 2011 så har det vore ein betydeleg auke i talet på bygging av nye private bustader. I tillegg har det vore ein auke i talet på eldre hus som er kjøpt og rehabilitert. I 2015 vart det ikkje ferdigstilt nye bustader i kommunen, men det vart gjeve tilskot til kjøp av 4 hus. Totalt vart det utbetalt kr 453.590 til bustadkjøp og teknisk utbetring.

På Mo og Øvre Helland er det no berre ei ledige kommunal tomt på kvar stad medan det er 4 tomter ved barnehagen på Helland. I tillegg er det nokre regulerte tomter i privat eige. Det er derfor no behov for å få klargjort nye tomter, særleg på Mo.

Tal nye bustader teke i bruk:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Sum
Oppføring av nye private bustader	1 (3*)	0	3	7	3	0	14 (16*)
Tilskot til kjøp rehabilitering av bustad	4	2	3	2	1	4	16

*) Inkludert to nye einingar i kommunal utleigebustad på Mo, teke i bruk i 2010

Utbetalt tilskot til bygging og kjøp/utbetring av eldre bustader:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Utbetalt tilskot til oppføring av nye private bustader (tal i 1.000)	250	0	750	1.500	750	0
Utbetalt tilskot til kjøp / rehabilitering av bustader (tal i 1.000 kr)	345	251	300	150	80	454

Etter kvart som nye bustader er kome til så har trongen til utleige av kommunale bustader minka noko. Planlagt sal av ein eldre bustad på Øvre Helland vart stogga for å halde det ledig til busetting av flyktningar i 2016. Kommunen har i periodar i 2015 også nytta kommunale bustader til vikarar innan pleie- og helsetenesta.

Kommunestyret vedtok i 2012 (Ksak 033/12) at det skulle innførast standardiserte leigekontraktar med ei tidsgrensing på 3 år ved utleige av kommunale bustader. Dette er gjennomført. Oppfølging av 3 års fristen må gjerast i 2016 og framover.

Oppfølging av restansar for lån og husleige

Modalen kommune har i 2015 gjennomført ei oppfølging av uteståande krav av husleige for bustader som er utleid på forretningsmessig vis. Det er sett av midlar i rekneskapet for moglege tap.

Likestilling

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Av 94 fast tilsette er 77 kvinner og 17 menn. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt meir enn kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltidsarbeidande størst mogleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenestemråda.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for fast tilsette i kommunen dei siste 3 åra:

Stillingsstorleik snitt	2012	2013	2014	2015
Kvinner	75 %	80 %	78 %	73 %
Menn	90 %	92 %	91%	90 %

Kjønnsfordeling av fast tilsette

	2015			
	Menn	%	Kvinner	%
Rådmann/ assisterande rådmann	2	100	0	0
Einingsleiarar	1	17	5	83
Andre tilsette	14	16	72	84
Alle tilsette i Modalen kommune	17	18	77	82

I kommunestyret er det åtte menn og fem kvinner, både før og etter valet. I formannskapet har tal kvinner auka frå to til tre etter valet, med tilsvarande reduksjon for menn.

Diskriminering og etikk

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010. Modalen kommune er tilmeldt KS sitt styrevervregister <http://www.styrevervregisteret.no/> med lenke lagt inn på kommunen si heimeside. Her kan ein finne opplysningar om ulike verv som tilsette og politikarar har i andre selskap og organisasjonar. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningslinjer.

Det er ei utfordring at funksjonshemma framleis ikkje har tilgjenge til andre høgda i kommunehuset. Det er gjennomført tiltak ved helsesenteret, og planlagt tiltak for universiell utforming ved busstopp Mo skule.

Personalpolitiske retningslinjer

Retningslinjer for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er retningsgevande for kommunen sin personal- og lønspolitikk.

Alderssamansetting fast tilsette

Tal tilsette:	Under 30 år	30 - 39 år	40- 49 år	50 - 59 år	Over 60 år
Kvinner	5	17	26	21	8
Menn	1	2	5	5	4

Tabellen syner at 40% av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og 13 % er over 60 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trong for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane, men samstundes må me setja inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss kompetanse for framtida. Me må mellom anna vurdere om me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakarar til dømes gjennom lærlingeordninga. I dag har me ein læreplass i kommunen. I 2015 vart det teke inn ein lærling ved Modalstunet i helsearbeidarfaget. Me har også hatt ein praktikant ved kundetorget innan kontorfaget.

HMS- arbeid

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført verneundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med HMS-gruppen, som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei har bidrege med rettleiing, kontrollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylgje opp dette arbeidet.

Det har vore to møter i AMU i 2015. Bedriftshelsetenesta deltok i begge desse.

Sjukefråvær i %:

År	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
2009	13.4 %	7.2 %	4.8 %	6.2 %	7.9 %
2010	6.1 %	5.1 %	5.1 %	6.3 %	5.7 %
2011	7.1 %	7.3 %	8.0 %	9.3 %	7.9 %
2012	12.1 %	11.8 %	10.5 %	9.9 %	11.1 %
2013	10.7 %	10.1 %	7.0 %	7.8 %	8.8 %
2014	7.7 %	9.5 %	8.9 %	8.8 %	8.8 %
2015	8.7 %	9.2 %	4,2 %	8.6 %	7.6 %

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemd. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter er partar i avtalen. Det utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1- Sjukefråvær 2 - Personar med redusert funksjonsevne 3 - Avgangsalder.

Resultatmålet for det lokale sjukefråværsarbeidet fram til utgangen av 2018 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra. Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet. I perioden 2013-2015 var snittet på 8,4 prosent. Det er kontinuerleg fokus på sjukefråværsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som er årsaka til den høge fråværsprosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er lågt.

Blant seniorane er det ingen nye som har teke ut heil eller delvis pensjon etter AFP-ordninga dette året. I samsvar med seniorpolitiske retningsliner er det tre tilsette over 62 år som får utbetalt eit lønnstilskot, og ein person er innvilga redusert arbeidstid. Tala syner at fleirtalet av seniorane vel å stå i arbeid fram mot pensjonsalder.

Året 2015 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktige arbeid med organisasjonsutvikling i ulike einingar. Det gjer oss betre bud til å møte framtidige endringar og krav til utføring av våre tenester uavhengig av vala for korleis kommunestrukturen vert i framtida.

Rådmannen vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2015 og til tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året.

Rådmannen vil takka for eit godt samarbeid med politikarane som deltok fram til valet hausten 2015, og ser fram til eit godt samarbeid med det nyvalde kommunestyret.



MØTE I POLITISKE ORGAN OG OPPFØLGING AV VEDTAK

Kommunestyret

Kommunestyret har hatt følgjande medlemar i perioden (2011- 15.10.2015):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Knut Moe, ordførar	Gisle Heimly
Kristin Nåmdal, varaordførar	Terje Nygard
Trond Arild Henriksen	Artur Farestveit
Liv Anne Aanesen	Tom Kristian Thorsen
Harald Farestveit	Linda Neset
Bjørn Helland	Gunnhild Steinsland
Marit Kristin Nygard Nese (fast medlem frå 1.10.2013)	



Kommunestyret 2011- 15.10.2015



Kommunestyret 15.10.2015- 2019

Etter konstituerande møte 15.10.2015 er nytt kommunestyret slik sett saman:

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kristin Nåmdal, varaordførar	Tom Kristian Thorsen, ordførar
Kjetil Eikefet	Linda Neset
Knut Moe	Ann-Jorunn Farestveit
Liv Anne Aanesen	Frank Stian Steinsland
Roger Wilhelm Fure	Håvard Engeseth
Svanhild Moberg Nordaas	Robert Helland
	Sigmund Vikane

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal møter	7	8	7	6	6	4 + 3 2)
Tal saker	58	58	71	40	47 1)	58 1)

- 1) Ved innføring av nytt sak og arkivsystem har ein innført faste saker for: «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok», «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.
- 2) Etter valet er det halde 3 møte i det nye kommunestyret.

Kommunestyret fekk i 2013 utlevert nettbrett. Innkallingar og protokollar har sidan vore sendt ut elektronisk til kommunestyre / formannskap og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Det var delte erfaringar med bruk av nettbretta. Det nye kommunestyret har no teke i bruk ein ny poltikarportal og dei brukar sine private PC-ar til politiske gjermål. For dette vil dei få ei årleg godtgjering. Innføringa av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

Kommunestyret har i 2015 mellom anna handsama følgjande saker:

Dato	Saknr	Saka gjeld
05/2	005/2015	Uttale vedkomande «Nordhordlandspakken»
05/2	010/2015	Oppfølging av forvaltningsrapport vedk. vedlikehald kommunale bygg
05/2	009/2015	Kommunereforma – ny kommunestruktur, mandat og vegen vidare
09/4	014/2015	Avtale om overdraging av motorbåten Blien
09/4	016/2015	Endring av reglement for godtgjering til folkevalde
09/4	017/2015	Endring av avtale om sal av konsesjonskraft til Modalen kraftlag
18/6	023/2015	Oppmoding om mottak av flyktningar 2015-2017
18/6	024/2015	Region Nordhordland Helsehus – utvida rammer – areal og lån
18/6	027/2015	Avtale med Vaksdal kommune om Modalstunet
15/10	032/2015	Felles IKT-strategi – Nordhordland IKT-samarbeid
15/10	033/2015	Kommuneplan for Modalen 2015-2026 – Ny handsaming
15/10	035/2015	Godkjenning av kommunestyrevalet 2015
05/11	045/2015	Høyringsuttale – regional transportplan for Hordaland 2018-2029
05/11	047/2015	Delegeringsreglement Modalen kommune - revidering
05/11	049/2015	Samarbeid med Masfjorden kommune om stilling som flyktningekonsulent
10/12	056/2015	Modalen Næingsbygg, søknad om tilskot til rehabilitering
10/12	058/2015	Søknad om oppstart av innandørs skytebane

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2015 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føreset.

Formannskapet

Formannskapet har hatt følgjande medlemar i perioden (2011-2015):

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Knut Moe, ordførar	Gisle Heimly
Kristin Nåmdal, varaordførar	Gunnhild Steinsland
Trond Arild Henriksen	

Etter konstituerande møte 15.10.2015 er nytt formannskap slik sett saman:

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kristin Nåmdal, varaordførar	Tom Kristian Thorsen, ordførar
Kjetil Eikefet	Linda Neset
	Ann-Jorunn Farestveit

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal møter	8	7	9	7	7 2)	9 + 3 2)
Tal saker	52	50	65	41	47 1)	69 1)

- 1) Ved innføring av nytt sak- og arkivsystem har ein innført faste saker for: «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Godkjenning av møtebok», «Referatsaker» og «Orienteringssaker». Dette medfører at tal saker som vert registrert i møtebøkene aukar i høve tidlegare år.
- 2) Nyvald formannskapet hadde to møte over tre dagar ved oppstart av arbeidet med budsjett/økonomiplanen.

Formannskapet har i 2015 mellom anna også handsama følgjande saker:

Dato	Saknr	Saka gjeld
20/01	006/2015	Uttale til endring av prostigrenser og omfordeling av presteressursar i Nhl prosti
17/02	015/2015	Kulturvernmidlar 2015
17/03	025/2015	Rehabilitering av nærbutikk Coop Øvre Helland – tilskot frå næringsfondet
08/09	053/2015	Offenteleg ettersyn av detaljreguleringsplan for sandtak på Krossdal og Helland
08/09	054/2015	Eigedomsskatt på verk og bruk – høyringsuttale til framlegg om endringar
27/10	064/2015	Interkommunal kommuneplan for Fjellheimen villreinområde – offentleg ettersyn

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2015 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føreset.

UNGDOMSRÅD

Ungdomsrådet i Modalen vart oppretta 15 november 2016. Ungdomsrådet skal arbeida med saker som engasjerer ungdommar, og vere tilgjengeleg for politikarane i saker der ungdom skal ha noko å seie. Vedtekter og referat frå møta vert lagt ut på kommunen si heimeside.



NÆRINGSFONDSSTYRET

Medlemene i formannskapet er også næringsfondsstyret.

År	Tal møter	Tal saker	Tilskot løyvd kr	Lån løyvd kr
2010	7*	8 *)	728 700	0
2011	7	11	861 850	375 000
2012	2	7 *)	940 929	0
2012	(Delegasjon rådm.)	3	28 000	0
2013	4	6 *)	947 000	250 000
2013	(Delegasjon rådm)	3	138 500	22 000
2014	2	9 (3) 1)	160 300	23 400
2014	(Delegasjon rådm)	7 **)	125 520	0
2015	2	8 2)	978 000 3)	337 495 3)
2015	(Delegasjon rådm)	5	313.400	0

1) *) Ei handsama sak var ei klagesak. ** Inkludert avslag på ein søknad

2) Dersom antal saker vert korrigerert i høve tidlegare registrering så gjorde næringsfondsstyret vedtak om stønad i berre 3 saker der den eine saka vart vedteken i formannskapsmøte 17/03 (Sak 025/2015)

3) Summen inkluderer tilskot til Coop Øvre Helland Nærbutikk sak FOR 025/2015.

Kommunestyret vedtok i sak 056/2015 å yte kr 1.600.000 i tilskot og kr 1.700.000 i lån til Modalen Næringsbygg AS. Dette er ikkje medrekna her, kjem til utbetaling i 2016. Innvilga lån i dei 2 øvrige sakene i 2015 er heller ikkje utbetalt ved årsskiftet.

Talet på møter og saker er på eit lågt nivå. Dette skuldast hovudsakleg låg søknadsaktivitet / få nye prosjekt/søknader utanom delegerte saker til landbruksføremål.

Løyvde summar i tabellen ovanfor syner den øvre ramma for kommunen sine forpliktingar til mottakarar i dei aktuelle år. Denne summen kan verte mindre om prosjekt ikkje vert gjennomført som omsøkt.

Tilsegn om stønad er slik fordelt på ulike næringar:

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Landbruk	3	6	8	2	5	5 *
Reiseliv/service/handel	2	2	-	4	1	1
Industri/produksjon/anlegg	-	-	-	1	-	1
Prosjekt/anna	2	3	2	1	3	1

*Frå næringsfondet er det i tillegg gjeve tilskot ved generasjonsskifte på ein gard.

Osterfjord Nærings samarbeid

Osterøy, Vaksdal og Modalen har eit samarbeid gjennom Osterfjord Nærings samarbeid, som får tildelt midlar til si verksemd frå Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje gjeve stønad til tiltak i Modalen i 2015.

Kompensasjonsordning for arbeidsgjevaravgift

Hordaland fylkeskommune har administrert ei ordning med tildeling av kompensasjonsmidlar for endra arbeidsgjevaravgift. For åra 2007-2013 vart det sett av kr 1 510 000,- for bruk til tiltak i Modalen kommune. Kr 500 000,- er tidlegare utbetalt. Resterande kr 1 010 000,- vart i 2014 godkjent disponert til oppgradering av området ved Bryggjeslottet.

Prosjektet vart vedteke i budsjettet og er delvis gjennomført i 2015.

I 2015 vart det også løyvd nye kr 200 000,- til Modalen kommune. Midlane vart godkjent nytta som kommunal delfinansiering av ny basestasjon for mobilsambandet i Modalen.

Ordninga vart avvikla i 2015. Innvilga tilskot vil verte utbetalt i 2016 når begge prosjekta er avslutta.

Utvikling av status for Næringsfond:

År	Inngående saldo pr. 01.01.	Utgående saldo pr. 31.12.
2010	6 620 506	2 235 118
2011	2 235 118	8 577 992
2012	8 577 992	8 443 268
2013	8 443 268	9 846 208
2014	9 846 208	13 014 207
2015	13 014 207	12 767 508

Av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som **grunnkapital** og denne er **inkludert** i saldoar ovanfor.

BRUK OG TILGANG – NÆRINGSFONDET 2015

	Bruk	Note	Tilgang
Saldo pr. 01.01.2015		10	11 014 207
Konsesjonsavgift mv			5 264 143
Konsesjonskraftsal til Modalen Kraftlag			65 419
Renter og avdrag			1 174 810
Anna inntekt			289 315
Utlån til privat verksemd	0		
Tilskot til bustader	453 590		
Tilskot til privat verksemd	999 534		
Elevstipend	323 730		
Utgift i drift (mellom anna IKT/breiband)	333 820		
Konsulent/advokathjelp i drift	26 875		
Fondsbruk vegar			
Finansiering av investering	4 902 837		
Saldo pr. 31.12.2015			10 767 508

*Summen er eksklusiv kr 2 millionar kroner bunde som grunnkapital.

(Rekneskap note10)

Næringsfondet vert også nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd.

I 2015 er det betalt ut kr 453 590 til kjøp av fire bustader og vøling av to bustader.

Løyvingar til næringsføremål vert utbetalt innan fastsett frist for gjennomføring og med ulike vilkår knytt til tildelinga. Utbetaling kan dermed skje heilt eller delvis i neste rekneskapsår.

Av innvilga tilsegn i 2015 er ca. 4 millionar kroner ikkje utbetalt ved årsskiftet.

Dei frie disponible fondsmidlane må såleis justerast for desse forpliktingane til kommunen.

Kommunestyret vedtok i 2012 ein langsiktig avtale om sal av kommunen si konsesjonskraft til Modalen kraftlag. Midlar frå sal av kraft til lokalt næringsliv er avsett i næringsfondet som føresett i kommunestyrevedtaket.

Modalen kommune har forskottert kr 2 800 000,- til utbetring av Fv 569 Dalseid-Eidslandet. Av desse midlane vart kr 424 242,- refundert frå Hordaland fylkeskommune i januar 2015. Resterande forskottering kan ikkje ventast refundert før etter 2018. Midlane vil verta tilbakeført til næringsfondet.

FONDET TIL FISKE OG VILT 2015

Modalen kommune vedtok i 2013 vedtekter for forvaltning av midlar for fond til Fiske og vilt.

Bruk og tilgang:

	Bruk		Tilgang
Saldo pr. 01.01.2015			1 537 134
Tilført frå ulike konsesjonsvilkår			140 352
Renter			37 409
Tilskot til Modalen elveeigarlag, FOR-sak 27/2014	168 735	1)	
Saldo pr. 31.12.2015			1 546 159

1) Tilskot utbetalt i 2015

I 2014 var det drøftingar med grunneigarar og BKK for iverksetjing av fiskekultiveringstiltak i Steinslandsvatnet / Stølsvatnet, men prosjektet vart ikkje konkretisert og klart for realisering i 2015.

KOMMUNALT EIGARSKAP I SELSKAP

Det er i 2015 ikkje føreteke endringar i kommunen sitt eigarskap i ulike selskap.

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande selskap:

Selskap	Aksjekapital	Eigardel	Representasjon i styre
Modalen Næringsbygg AS	6 342 000	92,7%	Harald Kjensli, leiar Tone Selmer Skuggevik, nestleiar Terje Nygard, styremedlem
Modalen Eksingedalen Billag AS	2 392 500	19,4%	Knut Moe, styreleiar
Kommunekraft AS	320 000	0,3%	Knut Moe, styremedlem
Modalen Kraftlag BA		1 andel	Ingen
Fjord Norge AS		1 andel	Ingen

Modalen kommune er medeigar og er representert i styrande organ i følgjande interkommunale selskap:

Selskap	Kommunal representasjon i styre / råd
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)	Harald Farestveit, styremedlem Inga Jorunn Nåmdal, medl. representantskap Terje Nygard, medl. representantskap
Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)	Ordførar Knut Moe, medl. representantskap / Ordførar Tom Kristian Thorsen, medl. representantskap
Region Nordhordland Helsehus IKS (RNH)	Ordførar Knut Moe, medl. representantskap / Ordførar Tom Kristian Thorsen, medl. representantskap
Nordhordland Revisjon IKS	Ordførar Knut Moe, medl. representantskap / Ordførar Tom Kristian Thorsen, medl. representantskap
Nordhordland og Gulen Renovasjon IKS	Liv Anne Aanesen, ny medl. representantskap Frank Stian Steinsland, ny medl. representantskap
Interkommunalt arkiv IKS	Sigmund Vikane, ny medl. representantskap

Modalen kommune har også andelar i følgjande selskap/foretak:

NIT kommunedata (1), AL Biblioteksentralen (1), Nordhordland Veteranbåtlag (25) slik det går fram av note til rekneskapet for 2015.

Økonomi og rekneskap

SAMANDRAG

Det viktigaste økonomiske nøkkeltalet når det gjeld å vurdere drifta i kommunen, er netto driftsresultat. Det er no vanleg å leggja til grunn at netto driftsresultat bør vera på om lag 1,75 % av driftsinntekta for å ha ein sunn økonomi. Netto driftsresultat er overskotet frå den løpande drifta i rekneskapsåret som kommunen kan nytta til avsetjingar og investeringar.

Rekneskapsåret 2015 i Modalen kommune er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 7,2 millionar. Det utgjer 8,2 % av samla driftsinntekt.

Rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot for 2015 er kr 2,8 millionar. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og avsetjingar, samt disponering av resultatet frå 2014.

Netto driftsresultat i 2015 er kr 522 000 høgare enn i 2014. Dersom ein korrigerer resultatet for postane knytt til premieavvik, samt netto avsetjing til bundne driftsfond, er resultatet i 2015 kr 1,49 millionar høgare enn korrigert netto driftsresultat 2014. Kr 1 million av dette kjem frå redusert avdragsutgift.

Lønsutgifta er den største utgiftsposten til kommunen. Kr 53,1 millionar inkl sosiale kostnader (50,9 millionar 2014) av samla driftsutgifter på kr 87,8 millionar, utgjer 60,5 % (59,0 % 2014). Lønsandelen av utgiftene er lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar, men dette må òg sjåast i samheng med at vi kjøper ein del tenester frå andre kommunar, samt utviklinga over tid.

Økonomisk oversikt for investeringsrekneskapan syner eit finansieringsbehov på kr 10,4 millionar. Dei største investeringsprosjekta i 2015 har vore Kalkingsstasjonen, kunstgrasbana, oppgradering av Modalstunet og oppgradering av vassverk.

Kommunebarometeret

Kommunal rapport har vurdert dei førebelse kostra-tala til kommunane. Når det gjeld dei økonomiske nøkkeltala, vert Modalen rangert som nr 10 i landet mot 16. plass i fjor. Dette kjem fram som ei samla vurdering av ei rekkje økonomiske nøkkeltal. Kommunal rapport har gjort endringar i utvalet av økonomiske nøkkeltal, og tala/plasseringane avviker dermed frå det som vart presentert i fjor. Modalen sin plassering er dårlegare med dei nye nøkkeltala, men det positive er at ein har framgang dei 3 siste åra.

	2012	2013	2014	2015	2016
Plass på økonomibarometeret	29	16	28	16	10


2016-barometeret har tal for rekneskapsåret 2015. Tilsvarande forskyvning dei andre åra.

VURDERING

Resultat i drifta

2015 har gjeve eit godt, positivt netto driftsresultat for kommunen.

Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2010-2015 (Tal i 1000)



Netto driftsresultat er resultatet av løpande driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år, samt gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er.

I samandraget er det peika på premieavviksinntekt som er ein post som påverkar netto driftsresultat utan eigentleg å vere ein del av den løpande, ordinære drifta. I tillegg til dette kan ein ha inntekt frå øymerka/bundne midlar. Resultatet justert for premieavviket, og justert for netto avsetjing til bundne fond fører fram til **korrigert netto driftsresultat**. Dette utgjer kr 7,1 millionar i 2015 mot kr 5,6 millionar i 2014 og kr 6,3 millionar i 2013.


Kr 7,1 millionar utgjer 8 % av driftsinntektene. Tilsvarande resultatprosent var 6,4 % i 2014 og 7,2 % 2013. Dette er godt over tilrådd nivå, og har vore høgt dei seinare åra. Kr 1 million av auken frå 2014 til 2015 skriv seg frå redusert avdragsutgift.

Kommunebarometeret til Kommunal rapport legg til grunn **korrigert netto driftsresultat** ved vurdering og samanlikning av kommunar.

Korrigeringa skjer som nemnt ved at ein justerer for premieavvik og netto avsetjing til bundne fond. Under følgjer ein tabell som tek omsyn til desse posteringane, samt i tillegg justerer for følgjande særskilte tilhøve i 2011: kr 2,5 millionar i etterbetaling av konsesjonsavgift for 2005-2010.



Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2010-2015 (tal i 1000)



Det har mange gongar vore peika på at kommunen treng høge driftsresultat for å kunna finansiera investeringsutgiftene med eigne oppsparte midlar. Korrigert netto driftsresultat på kr 7,1 millionar er kr 1 million over gjennomsnittsresultatet for dei siste 5 åra. Rådmannen har tidlegare vist til at det er viktig å oppretthalda eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet dei seinare åra, har det vore eit særskilt fokus på tilhøvet mellom årleg driftsresultat og investeringsnivå.

Rekneskapsmessig mindreforbruk: kr 2 807 953,25.


Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Kommunestyret skal gjera vedtak om disponering av dette resultatet.

Driftsinntekt

Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein svært liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilretteleggjing og utvikling av infrastruktur mv.

Diagrammet under syner at nesten halvparten av samla driftsinntekt (47,78 %) kjem frå postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. (Tilsvarende prosent i 2014 var 49,3%) Det meste av dette er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Rammetilskot frå staten og personskatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. Prosentandelen er 27,58% for desse postane i 2015, ubetydeleg høgare enn i 2014 då prosentandelen var 27,3%. Det er såleis tydeleg at det er inntekt basert på utnytting av kommunen sine eigne ressursar som legg grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt stabilt dei siste ti åra, der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden. Rammetilskot frå staten har i same periode svinga frå om lag 16 % i 2000 ned til under 8 % av dei samla inntektene i 2010, og 18,17 % i 2015 (NB: stor auke i 2011 som følgje av innlemminga av barnehagetilskot i rammetilskotet). Samla driftsinntekt har berre auka med 1,1 % i høve til 2014. Det har såleis vore naudsynt å klare å halde låg utgiftsvekst for å kunne få eit godt resultat i 2015. Det har kommunen i stor grad klart. Auken i driftsutgift var på 1,9 %, sjå lenger nede.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntekstpostar 2015



Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå kr 86,1 millionar til kr 87,8 millionar frå 2014 til 2015. Auken utgjer 1,90 %, noko høgare utgiftsvekst enn året før (1,36 %). Dette er inklusiv avskrivningar og utanom finanspostane. Avskrivingsutgift vert nulla ved eigen motpostering i kommunerekneskapen og er ikkje med i netto driftsresultat.

Utgiftsveksten er høgare enn inntektsveksten når det gjeld ordinær drift. Bättre resultat enn 2014 har vore mogleg grunna lågare finanskostnader, der spesielt reduksjonen av avdragsutgift med kr 1 million, slår positivt ut på resultatet.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Sum driftsutgift (tal i 1000)	73 713	77 625	82 219	84 997	86 147	87 780
Prosentvis endring	8,21 %	5,31 %	5,92 %	3,37 %	1,36 %	1,90 %

Auken i samla driftsutgift er lågare enn dei fleste åra i siste 6 års periode, samt lågare enn normal pris- og lønsvekst skulle tilseie. Den kommunale prisindikatoren/deflatoren var sett til 2,9 % i 2015.

Låg utgiftsvekst skuldast mellom anna lågare pensjonsutgift, redusert bruk av vikarbyrå og lågare data-/telefoniutgift.

Løn inkl vikarbyrå og refusjon sjukeløn

Lønsutgift utanom pensjon og arbeidsgjevaravgift har auka med 6,1 %. Tek ein med sosiale utgifter (pensjon/arbeidsgjevaravgift), refusjonsinntekt frå sjukmeldingar og fødselspermisjon, samt utgift til vikarbyrå i oppsettet, får ein eit anna bilete. Samla nettoutgift til desse postane er redusert med 1,28 % i høve til 2014. Det er i hovudsak innan Pleie og omsorg samt Legetenesta det har vore bruk av vikarbyrå.

KS opplyser i samband med tariffoppgjeret for 2015 at berekna årslønsvekst frå 2014 til 2015 for kommunane er 3,1 %.

(Rekneskapstal i tusen)	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Lønsutgift	34 987	37 431	39 206	39 708	40 198	42 668
Sosial utgift	8 514	9 040	9 485	10 248	10 736	10 455
Vikarbyrå	0	0	0	1 000	3 399	1 376
Ref sjukeløn	-847	-1 468	-1 893	-2 010	-1 923	-2 014
Ref fødselspengar	-390	-349	-202	-334	-242	-987
Netto løn inkl vikarbyrå	42 264	44 654	46 596	48 612	52 168	51 498
	8,65 %	5,65 %	4,35 %	4,33 %	7,32 %	-1,28%

Budsjettstyring og avvik

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2014	2015	2015	2015		
Rådm/sentraladm	12 807 242	13 825 152	14 225 152	13 106 936	-1 118 216	-7,86 %
Kultur	3 128 133	3 328 078	3 328 078	3 194 569	-133 509	-4,01 %
Sosial og barnevern	337 301	912 000	912 000	653 174	-258 826	-28,38 %
Skule	9 643 449	10 038 873	10 038 873	10 168 444	129 571	1,29 %
Barnehage	4 367 343	5 365 104	5 265 104	4 285 619	-979 485	-18,60 %
Pleie og omsorg	13 884 995	13 639 913	13 639 913	12 496 197	-1 143 716	-8,39 %
Kommunelege	5 094 945	4 774 267	4 774 267	4 407 175	-367 092	-7,69 %
Teknisk	11 061 252	11 816 306	12 286 306	11 719 317	-566 989	-4,61 %
Total	60 324 660	63 699 693	64 469 693	60 031 432	-4 438 261	-6,88 %

Oversikta syner nettoutgift pr. budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret har gjeve rammeløyving til budsjettområda: Rådmannen/sentraladministrasjon, Kultur, Sosial og barnevern, Skule, Barnehage, Pleie og omsorg, Kommunelege og Teknisk.

7 av budsjettområda har mindreforbruk i høve til justert budsjettløyving, og 1 av budsjettområda har meirforbruk. Samla er budsjettområda innanfor samla løyving med eit mindreforbruk på kr 4,4 millionar.


Investering

Det har vore relativt høg investeringsaktivitet i 2015 med eit samla finansieringsbehov på kr 10,4 millionar. Investeringsrekneskapen er avslutta/saldert i balanse, finansiert med eigne midlar, bruk av bundne investeringsfond (kalkingsstasjonen), mva-kompensasjon og noko anna inntekt. Formidlingslån er finansiert med lån frå Husbanken.

Likviditet/arbeidskapital

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigerert for den kortsiktige gjelda gjev oss arbeidskapitalen.

Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2010-2015 (tal i 1000)




Utviklinga i arbeidskapitalen var negativ frå 2009 til 2010. Dei seinare åra fram til 2014 har hatt ein positiv utvikling kvart år. Gode driftsresultat og redusert investeringsaktivitet har betra arbeidskapitalen år for år. I 2015 har ein hatt ein reduksjon i arbeidskapitalen. Det har samanheng med bruk av bundne investeringsmidlar til kalkingsstasjon. Dette var midlar tildelt frå fylkesmannen i 2014, som betra arbeidskapitalen det året. Når delar av midlane (kr 3,77 millionar) vart brukt i 2015, bidrog det til ein reduksjon i arbeidskapitalen.

LÅNEGJELD OG FOND

Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr. 31.12 frå 2010 – 2015 (Tal i 1000)



Oversikta syner ein reduksjon i samla fondsmidlar i kommunen i høve til 2014. Samla fondsmidlar er redusert frå kr 27,3 millionar til kr 23,4 millionar. Dette er totale fondsmidlar.

Her inngår m.a. kr 2,3 millionar i øymerka restmidlar til kalkingsanlegg for Modalsvassdraget. I 2014 vart det sett av kr 6 millionar til anlegget. Av dei totale fondsmidlane er kr 15,2 millionar ubundne midlar, av desse utgjer den frie delen av næringsfondet kr 10,8 millionar.


Hovuddelen av reduksjonen av fondsmidlar er knytt til øymerka/bundne midlar til kalkingsstasjon. Tar ein så det rekneskapsmessige mindreforbruket i drift inn i vurderinga, kr 2,8 millionar, ser ein at handlefridomen og høvet til å eigenfinansiera investeringane i framtida er styrka gjennom rekneskapsåret. Ein viser igjen til det som er sagt om at det er viktig å styre driftsutgiftene og driftsresultatet, samt investeringsnivået, for å kunna oppretthalde handlefridomen og ha buffer mot dårlegare tider og uføresette endringar og hendingar.

Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda har såleis vore relativt stor pr. innbyggjar, men likevel moderat i høve kommunen si evne til å betale rente- og avdragsutgift. Ingen nye låneopptak og relativt høge årlege avdrag har redusert lånegjelda monaleg, både i høve til innbyggjartal og i høve til driftsinntekt. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag og har ikkje teke opp nye investeringslån dei seinare åra.

Tabell: Utvikling i lånegjeld utanom formidlingslån 2010 – 2015

LÅNEGJELD							
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	
Lånegjeld (tal i 1000)	31 878	29 378	26 877	24 377	21 877	20 377	
Lånegj i % av dr.innt	42,3 %	37,0 %	31,5 %	28,0 %	24,9 %	23,0 %	
Lånegjeld i kr pr innb	86 157	79 400	70 175	65 530	57 876	53 483	
Innbyggjartal	370	370	383	372	378	381	



IKT

Kommunen har økonomi- og IT-rådgjevar i 100 % stilling. Stillinga er ei kombinert stilling for IKT og økonomi, men det er også lagt andre oppgåver til stillinga. Driftsoppgåver knytt til IKT blir utført av Interkommunale IKT-Tenester Nordhordland (IKTNH). Rådgjevaren fungerer som IKT-kontakt, og er bindeleddet mellom kommunen og IKTNH.

Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland er oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune er vertskommune. IKTNH drifter IKT-oppgåver for samarbeidskommunane, og vertskommunen har einerett til å levera driftstenester innan IKT til dei deltakande kommunane. Styringsgruppe for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar.

Gjennom året har det vore fokus på å følgje opp dei ulike fellesprosjekta som er sett i verk gjennom det regionale IKT-samarbeidet. Kundetorget har også vore sterkt engasjert i innføringa, opplæringa og bruken av dei nye IKT-løysingane.

Økonomi

Det har vore eit vesentleg mindreforbruk i forhold til budsjettet under ansvar 1400, *IT-konsulent*. Totalt utgjer dette kr 1 mill for 2015, og dette er vel kr 300.000 under netto driftskostnader for 2014. Det har berre vore sett inn delvis vikar ved permisjon frå stillinga i 2015. Ein ser vidare at felles IKT-samarbeid gjev inn sparingar på ulike område samstundes som kvalitet på drifta er vorte betre.

Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

Kulturkontoret

Kultursjef i 100 % stilling med ansvar for kultur, bibliotek og Bryggjeslottet.
Driftsleiar i Bryggjeslottet i 100% stilling.

I tida juli-august har ungdomane som arbeider i kiosken på Bryggjeslottet, saman med sommarvikar i biblioteket, og hatt ansvar for turistinformasjonen.

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2015	2015	2015	2014		
Kultur	3 194 569	3 328 078	3 328 078	3 128 133	-133 509	-4,01 %

Kulturkontoret står til teneste med:

- Turistinformasjon
- Kulturminnevern
- Tildeling av kulturmidlar
- Samordning av aktivitetar
- Kulturarrangement
- Tilrettelegging av friluftsliv
- Den kulturelle skulesekken
- Søknad om tilskot



Modalen kommune skal vera prega av eit rikt og mangfaldig tilbod innan kultur og idrett. Kommunen skal satsa på aktivitetar som tek vare på bygda sin eigenart og kvalitet. Kulturminnevern er eit viktig satsingsområde. Det vert gjeve tilskot til restaurering av stølshus og andre bygningar av lokalhistorisk verdi. Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats for å skapa trivsel i bygda. Desse får stønad gjennom utdeling av kulturmidlar.

Faste arrangement:

- Modalsdagane siste helga i juni
- Marknad i Bryggjeslottet første laurdagen i desember
- Borna sin dag i februar i Bryggjeslottet

Det vert arrangert konsertar, teater for born og vaksne, islandske dagar og utstillingar. Konsertane med kjende artistar trekkjer mykje folk til Bryggjeslottet, og er med på å marknadsføra kommunen på ein god måte.

I juni vart Mobøen kunstgrasbane opna med fotballkamp, kake og underhaldning.



Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kulturkontoret, biblioteket og Mo skule. Målet er å gje elevane kulturtilbod av høg kvalitet og ulike uttrykk.

I 2015 har det vore konsertar, forfattarbesøk, utstillingar og kurs. Elevane reiser og til Bergen for å gå i teateret og ta del i andre kulturtilbod som byen har. Barnehagen får og tilbod om teater og musikkarrangement.

Arbeidet med merking av turstiar er vidareført frå 2014. Mange turstiar er ferdigmerka, og det er sett opp informasjonsskilt der stiane byrjar. Modalen kommune samarbeidar med Bergen reiselivslag om «Vandrerprosjekt Modalen». Informasjon og bilete frå turane og stiane i Modalen, ligg på heimesida til Bergen reiselivslag; <http://www.visitbergen.com/inspirasjon/visitmodalen/>. Det er gjort eit omfattande restaureringsarbeid på skulemuseet på Sunnarhaugen. Arbeidet er no avslutta.

I Bryggjeslottet er det stor og aukande aktivitet. Her er det mellom anna bygdekino, konsertar, teater, fødselsdagsfeiringar, bowlingturnering og ulike idrettsarrangement. Huset vert meir og meir brukt. Her møtest folk i alle aldrar, både innbyggjarane i Modalen og folk frå nabobygdene. Dette året vart taket på Bryggjeslottet spylt og renska for mose, og huset vart måla utvendig.



Foto: VaksdalPosten

Modalen folkebibliotek

Modalen folkebibliotek, som ligg i Bryggjeslottet, samarbeider med kommunane Lindås, Meland, Masfjorden, Austrheim, Radøy, Fedje og Osterøy om felles katalog, kurs, prosjekt og arrangement. Biblioteka i denne regionen har fått namnet «Litteraturhusa i Nordhordland». Mo skule og barnehagen er faste brukarar av biblioteket. Biblioteket samarbeider med kulturkontoret og Mo skule om forfattarvitjingar, konsertar, barneteater og utstillingar. Bryggjeslottet er ein populær møtestad, med mange tilbod å velja mellom. Sjølv om utlånet har gått ned er biblioteket godt besøkt.

Utlån	2015	2014
Bøker for born	1385	1513
Bøker for vaksne	1139	1375
Lydbøker for born	46	93
Lydbøker for vaksne	105	155
Musikk for born	17	25
Musikk for vaksne	35	55
Film for born	165	268
Film for vaksne	82	115
Anna	100	125
Samla utlån	3074	3724

Biblioteket er ope tysdag 9.00-16.00, onsdag 9.00-15.00, torsdag 13.00-18.00.



Sosialtenesta

TENESTER OG OPPGÅVER

Barnevernstenesta: Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Noverande avtale går til 31.12.2017.

NAV Modalen ivaretek det statlege ansvaret for arbeids- og velferdsetaten, og det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte. NAV kontoret i samarbeid med psykisk helseteneste føl også opp rusavhengige som treng tiltak. NAV kontoret er drifta i nært samarbeid med NAV Masfjorden. Det er 60% stillingsressurs ved kontoret.

MÅL

Sosialtenesta har arbeidd etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift. Det er ikkje skissert eigne lokale mål for tenesta. Måloppnåing: Det er ikkje rapportert avvik på ivaretaking av kravet til tenestene. På NAV sine målekort scorer kontoret tilfredsstillande.

ØKONOMI

Samla sett hadde sosialtenesta ein aktivitet under tildelt budsjetttramme. Det er brukt litt meir enn budsjettert på økonomisk sosialhjelp, men vesentleg mindre enn budsjettert på barnevern og rusomsorg.

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2014	2015	2015	2015		
Sosial og barnevern	337 301	912 000	912 000	653 174	-258 826	-28,38 %

AKTIVITET

Barnevern: Vaksdal kommune rapporterer om stabil aktivitet i 2015. Talet saker som barnevernet er involvert i ligg mellom 0-4 saker.

Skjenkesaker: Det er to salsløyve og eit skjenkeløyve for alkohol i kommunen. Kommunen har avtale med innleigd kontrollør som ivaretek skjenkekontrollen. Det er ikkje rapportert om avvik på kontroll av sals- og skjenkestadene i 2015. Det har også vore gjeve løyve til skjenking til einskildarrangement i Ungdomshuset og i Samfunnshuset på Mo i samband med Quiz-arrangement og juledans.

Økonomisk sosialhjelp: Det er få brukarar som treng hjelp frå sosialtenesta over lengre tid, men fleire av brukarane kjem attende med tilbakevendande behov for hjelp på grunn av gjeld og ubetalte krav. Desse treng råd og hjelp for å kome ut av ein vanskeleg situasjon. Sakshandsamar ved kontoret har utdanning i gjeldsrådgeving, og kontoret tilbyr profesjonell hjelp til dei som slit med gjeld.

Pleie- og omsorgstenesta



ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2014	2015	2015	2015		
Pleie og omsorg	13 884 995	13 639 913	13 639 913	12 496 197	-1 143 716	-8,39 %

Totalt vart driftsresultatet betre enn budsjettet. I 2015 fekk vi ein auke i refusjonar og eigenbetalingar, medan samla utgift var i tråd med budsjettet.

TENESTER OG OPPGÅVER

Ved Modalstunet vert det gjeve teneste for institusjonsopphald, heimesjukepleie, heimehjelp og dagtilbod. Tildeling av omsorgsbustad, teneste for matombringning og tryggleiksalarm vert gjeve etter søknad.

Vaksdal har brukt sine fire faste plassar. Masfjorden kommune har leigt plass i 18 dagar. God kvalitet på tenestene er avgjerande for å kunna selja plassar. Sviktande sal av plassar og redusert belegg vil ha store konsekvensar for drifta. I snitt har det vore 12 plassar i bruk gjennom året, inkludert Vaksdal sine fire plassar. Modalen kommune har disponert åtte plassar til eigne innbyggjarar. Vaksdal kommune har meldt frå om at dei ikkje vil fornye avtalen frå 01.01.2016, og ein prosess vart starta i september, og avklaring vil vere klar i løpet av første halvår 2016.

Det har vore 25 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet i 2015. Dette er elleve meir enn i 2014. Det har vore 22 utskrivingar, av desse fem dødsfall.

Oppgradering av 2 nye bebuarrom har vorte utført i 2015, og totalt er det no 6 rom som er oppgraderte.

Dagtilbod til heimebuande med demens og eldre i kommunen som vart starta i 2013, er vidareført med ti plassar annakvar onsdag. Tilbodet er eit folkehelsearbeid, og er helsefremjande for eldre som bur heime. Sosialt samvær og deltaking i aktivitet tilpassa den einskilde, er med på å gje god livskvalitet og bidra til at ein kan bu lenger i eigen heim. Helsedirektoratet har innvilga tilskot til dagtilbodet.

Vi har fokus på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Samstundes vurderer me tiltak som kan redusera utgiftene, men gje ei stabil og god drift. Sjukefråværet har vore mindre i år enn i 2014. Vi har hatt auke i refusjonar og auka eigenbetaling i høve budsjett. Det har vore mindre bruk av kjøp av vikarar frå vikarbyrå.

Heimehjelp

Fem brukarar fekk praktisk bistand i 2015. I snitt gjennom heile året utgjorde dette om lag seks timar pr. veke.

Heimesjukepleie

Tre brukarar har i snitt motteke ca 68 timar heimesjukepleie pr. veke.

Tryggleiksalarmar

Fem personar har nytta tryggleiksalarm.

Matombringing

Det vert levert varm middag til to brukarar i heimen nokre dagar i veka.

OVERORDNA MÅL FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

- Gode, brukartilpassa tenester.
- God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.
- Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.
- Eit godt miljø der både brukarar og tilsette skal trivast.
- Pårørande skal føla seg velkomne, og dei skal kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeidar i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.

Personell

2015 har vore eit år med lågare sjukefråver enn i 2014. Det har vore utført ulike tilretteleggingstiltak for å få tilsette tilbake i arbeid. Kjøp av vikarteneste har vore naudsynt for å kunne drifta eininga. For å møte krav i høve Samhandlingsreforma i eigen kommune, har vi hatt fokus på å behalda og rekruttera kompetent arbeidskraft. Ein fagarbeidar har starta utdanning innan kreftomsorg, og ein fagarbeidar har starta på sjukepleiar utdanning med deltidstudie. Vi har òg fått ein lærling i helsearbeidarfaget frå august månad. Mål for 2015 om å koble seg opp mot Helseforetak for bruk av e-meldingar er innført. Når det gjeld opplæring i høve reiserekning, er dette vidareført til 2016. Medarbeidersamtaler er gjennomført. Interkommunalt samarbeid vil vere avgjerande for oss, og øyeblikkeleg hjelp-plassar vart oppretta ved Nordhordland Legevakt 01.09.2013.

Kjøkken og vaskeri

Kjøkkenet har fokus på «Mat som medisin» då det er ein samanheng mellom kosthald, ernæring og helse. Ernæringsprosjektet som starta i 2013, er vidareført i 2015. Prosjektet vert evaluert, og erfaringa vil bli nytta til å gje rett ernæring til eldre.

Vaskeriet tilbyr vask av klede til bebuarar, og vaskeritenester til heimebuande.

AKTIVITET

- Måndagar/onsdagar: trim i gruppe/avislesing.
- Tysdagar: baking, som gjev oppleving av lukt og smak.
- Torsdagar/ettermiddag: Starta i år opp med «hyggestund med dans» ca. kvar 5-6 veke der Gunnar Eide deltek med trekkspel.
- Fredagar: bingo med song, og besøk av barnehagen ein gong i månaden.
- Februar: 30års jubileum for Modalstunet med fleire aktørar.
- Juni: sommarfest for brukarar, pårørande og bygdefolk.
- Juli: jordbærfest i hagen
- August: rekefest
- September: Husorkesteret i Modalen deltok med underhaldning.
- Oktober: markering av «den internasjonale eldredagen» 1. oktober.
- November: julebord.
- Desember: besøk av 1.klasse frå Mo skule på Luciadagen, og bakedag med 9. klasse frå Mo skule. Førjulskos med julesong og julegløgg.
- 9 bilturar med bebuarane gjennom året.
- Ein gang pr. måned: frisør og fotpleie
- Songstund/andakt: onsdag/torsdag ettermiddag anna kvar måned
- Pensjonistlaget har vore på besøk to ettermiddagar med underhaldning/trekkspel og kaffistund.

Sansehagen vert nytta til gode opplevingar for brukarane, ved å la dei ta del i kjente syslar som bærplukking. Sansehagen skapar ei fin ramme for aktivitet og «den gode samtalen», og kan bidra til å gje kvar enkelt gode stunder.

I 2016 vil vi satsa på å kunna vidareføra dagtilbodet for heimebuande eldre og rekruttera nye brukarar. Ut frå drift må ein vurdere om tilbodet skal aukast til ein dag kvar veke.

Plan for aktivitetar i 2016:

- Få til samarbeid med skulen om bakedagar i løpet av året.
- Vidareføre underhaldning på ettermiddagane ein torsdag i månaden.
- Bilturar med bebuarane.
- Nytt sansehagen til grill-/jordbærfest.
- Male og få laga til kjøkkenkrok i fellesarealet med vask
- Maling av ledige bebuarrom og oppgradering av skyljerom.

Helsesenteret

TENESTER OG OPPGÅVER

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsesenteret. Under Modalen helsesenter er følgjande tenester organisert: legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

ØKONOMI

Helsetenesta har hatt forbruk om lag som budsjettet. Noko mindretgift gjev positivt avvik.

	Rekneskap	Budsjett	Buds(end)	Rekneskap 2015	Avvik	Avvik i %
	2014	2015	2015	2015		
Kommunelege	5 094 945	4 774 267	4 774 267	4 407 175	-367 092	-7,69 %

LEGEKONTOR

Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelegestilling. Vi samarbeider med andre Nordhordlandskommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det var ca 500 personer som har hatt fastlege ved kontoret i 2014. I 2015 har talet vore om lag 510. Listetaket er på 600.

Mål

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med

- god tilgjengelegheit
- akseptable ventetider for legetime
- fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

Måloppnåing

Vi har hatt god tilgang på legetimar i 2015, og ventetid har vore under 14 dagar. Dette året har det nokre månader (jan, febr, november) vore innleige av vikarleige medan kommuneoverlege har vore i permisjon. Vi har fått erfaring med at språk-kunnskap er veldig viktig hjå vikar, og det var betre erfaring med vikarleige henta frå nabokommune enn innleigde vikarar frå byrå.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheld seg her:

- vanleg timebestilte konsultasjonar
- timar på dagen for tilstander som krev det
- akuttmedisinske konsultasjonar og uttrykkingar
- planlagde sjukebesøk til eldre med kroniske eller akutte sjukdomar
- førebyggjande helsearbeid.

Oversikt over pasientretta aktivitet ved legekantoret:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Sjokebesøk (11ad)	11	13	8	5	9	1	21
Konsultasjonar (2ad)	1234	1025	1116	1125	1422	1316	1165
Telefonkonsultasjonar (1bd)	167	150	127	168	189	74	171
Annan kontakt	832	1017	1025	1010	1080	887	910

KOMMUNEFYSIOTERAPEUT

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eit årsverk. Fysioterapeuten heldt til i Helsesenteret på Mo, og er to dagar pr. veke på Modalstunet. Elles har fysioterapeuten ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar.

Tenesta omfattar

- Undersøking og behandling
- Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering
- Førebyggjande helsearbeid og opplæring
- Tekniske hjelpemiddel
- Rettleiing ved tilpassing av bustad etter funksjonstap

Mål

Ha ei fagleg god utøving av ansvarsområda som ligg i stillinga.

Delmål:

- Revidering av rehabiliteringsplan
- Utvikla prosedyrar for samarbeid mellom dei ulike faggruppene og institusjonane i kommunen
- Fagleg fordjuping i geriatri, rehabilitering, nevrologi, ortopedi og reumatologi
- Fokus på førebyggjande tilbod
- Styrka arbeidet med koordinerande eining

Måloppnåing

- Rehabiliteringsplanen er revidert
- Har deltatt på LMS sitt helsepedagogikkurs i 2015, og har delt informasjon om aktuelle kurs i regionen for innbyggjarane i Modalen kommune.
- Har meldt seg på fordjupings kurs i geriatri i 2015.
- Har ikkje fått arbeida vidare med samarbeid mellom dei ulike faggruppene, men kan dela fagleg info på personalmøter.
- Må utvikla KE og førebyggjande arbeid vidare.

HELSESTASJON

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år. Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. I 2015 har me hatt vikar for helsesøster det meste av tida, og fleire vikarar har vore inne.

Helsesøster er tilsett i 50 % stilling. Helsesøster har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Det er lege fast tilgjengeleg ved seks vekers, seks månaders, eit-års og to-års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking. Helsestasjonen er lokalisert i helsesenteret på Mo og har oppe to dagar per veke.

Mål

Gjeremåla ved helsestasjonen tar utgangspunkt i anbefalingane i «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten»:

- Helseundersøkingar og rettleiing med oppfølging
- Heimebesøk/oppsøkjande verksemd
- Samarbeid med skule om tiltak som fremmer godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar
- Samarbeid om habilitering av barn og ungdom med særskilde behov, deriblant kronisk sjuke og funksjonshemma
- Informasjon og tilbod om barnevaksinasjonsprogrammet

Måloppnåing

Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak nådd. Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen. Både på helsestasjonen og i skulen har alle elevar (med føresette) fått tilbod om dei vaksinane som er i barnevaksinasjonsprogrammet.

Helsesøster har vore inne på alle trinn i grunnskulen. Utover individuelle samtalar og vaksinasjon, har helsesøster vore tilgjengeleg på skulen og deltatt i noko undervisning.

PSYKISK HELSETENESTE

Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, for tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddelproblem eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlasting.

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune har og ansvar for tenester til menneske med psykisk utviklingshemming. Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Det er tilsett personale med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i 1,8 % av stillingane. Hausten 2015 vart det i tillegg tilsett kommunepsykolog i 10 % stilling. Dette er eit samarbeid med Masfjorden og Gulen kommunar. Ca 10 % stillingsressurs har vore brukt til personale som gjev individuell jobbstøtte.

Mål

Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukarar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.

- Kommunen skal utgreia, førebyggja og behandla lette psykiske lidningar.
- Kommunen skal ha oversikt over den psykiske folkehelsa.
- Kommunen skal førebyggja psykisk sjukdom.

Måloppnåing

Psykisk helse er eit etablert lågterskeltilbod til ungdom i grunnskule og vidaregåande skule, gjennom tett samarbeid med skule og foreldre. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta slik at pasientar hjå legen får informasjon og tips om korleis det kan etablerast kontakt med psykiatrisk sjukepleiar.

I overkant av 20 personar, born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbod frå den psykiske helsetenesta i Modalen kommune.

Det psykiske helsearbeidet i Modalen har i 2015 omfatta:

- støtte til elevar i vidaregåande opplæring
- å vere tilstades i skulemiljøet på Mo skule, uformell kontakt med elevane
- samtalar med elevar i grunnskulen, foreldra og andre ressurspersonar rundt desse
- tildeling og oppfølging av støttekontaktar
- utarbeiding og koordinering av individuell plan
- støtte til vaksne som treng det
- oppfølging i samarbeid med spesialisthelsetenesta ved alvorlege, langvarige problem/lidningar
- koordinering av "Støtteteam ved kriser"
- samarbeid ved gjennomføring av skuleprogrammet "Psykisk helse i skolen" og "Sett dine egne grenser"
- jamleg deltaking ved samarbeidsprosjektet Ungdomskontakten Salto i Knarvik

MO SKULE



TENESTER OG OPPGÅVER

Grunnskule

Skuleåret 2015/16 starta 86 elevar opp på Mo skule. Dette er truleg rekord for skulen i Modalen. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i åtte klassar/grupper dette året. 20 elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp 7 nye førsteklassingar ved skulen hausten 2015. Det er 20 tilsette ved Mo skule. Desse arbeidde til saman i 17,0 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule og leing. Skulen si verksemd er regulert av Opplæringslova med forskrifter. Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for «Kvalitetsvurdering av verksemd etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule». Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigheit kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte ved Mo skule. Mo skule utarbeider ein årleg tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø.

Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtektene for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:

«Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassetrinn (1.- 7. klassetrinn for barn med funksjonshemmingar). Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.»

Hausten 2015 var det 37 born påmeldt i Modalen SFO. Opningstida til SFO er 07.00 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule har frå hausten 2014 tilbydd gratis leksehjelp for alle elevar.

Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule gjev dette skuleåret berre tilbod i musikkundervisning. Tilbodet som vert gitt er mellom anna opplæring i gitar, piano, keyboard, bass og samspel. Tilbodet ved Modalen kulturskule har bra oppslutning. I skuleåret 2015/16 er det 24 elevar som tek del i kulturskulen i Modalen.

ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2014	2015	2015	2015		
Skule	9 643 449	10 038 873	10 038 873	10 168 444	129 571	1,29 %

Mo skule har i 2015 greidd å halde budsjettet rimeleg godt. Det er eit meirforbruk på vel kr 100 000,-, noko som utgjør om lag 1% av det samla budsjettet. Sidan ordninga med gratis elevfrukt fall vekk har kostnaden med drift av kantina auka. Elevar som har kome til i løpet av året, og som har utløyst spesialundervisning og særskild norskopplæring, har òg ført til auka kostnader. Kostnad til skyss har auka ein god del utan at det var teke høgd for dette i budsjettet. Det samla elevtalet ved skulen har gått opp utan at budsjettet er auka.

MÅL

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter (www.udir.no). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med «Kunnskapsløftet» (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemd. Mo skule utarbeidar ein «Handlingsplan for Mo skule 2015/16». Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i handlingsplanen vert evaluert to gonger i året. Handlingsplanen er eit verkty for ein organisasjon som lærer og er i utvikling.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2015. Mo skule bruker resultatane internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultatane på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultatane med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultatane frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Satsingsområda for skuleåret 2015/16 er klasseleiing og grunnleggjande ferdigheiter i lesing. Skulen arbeider for at trivselen hjå elevane skal vera høg. Elevundersøkinga viser positive resultat og utvikling med omsyn til trivsel på skulen. Skulen har eigen sosiallærer og spesialpedagogisk rettleiar, og ein gjer seg nytte av Olweus sitt anti-mobbeprogram. Det vert mellom anna arrangert «vennedag», og skulen deltek på nasjonal veke mot digital mobbing. Prosjektet «Psykisk helse i skulen» vert gjennomført i alle klassane på ungdomssteget kvart år i samarbeid med helsesyster og psykiatrisk sjukepleiar. Klassane på barnesteget arbeider systematisk med det sosialpedagogiske programmet «Zippys venner» og heile skulen arbeider med element frå «Dei utrulege åra». Elevane i 10.klasse hadde hausten 2015 eit vellukka opplegg med ART (eit program for trening av sosial kompetanse) som vart gjennomført av «Salto» frå Knarvik.

Mo skule har nytta seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». Ein av pedagogane studerte 2014/15 matematikk ved HIB, og to pedagogar deltek på eit toårig deltidsstudie i matematikk ved NLA. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha ein tilsett under vidareutdanning.

Sjukefråværet ved Mo skule er middels høgt. Det er fokus på trivsel og relasjonsbygging. Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette der ein mellom anna fokuserer på arbeidsmiljøet.

Heile personalet ved Mo skule har frå hausten 2015 delteke i pilotprosjekt «Mot tilpassa og inkluderande opplæring». Dette er eit prosjekt med rettleiing frå Statped vest og PPT der tilsette ved Mo skule skal øvast i å i vareta kvar enkelt elev på ein enno betre måte. Dette prosjektet går fram til august 2016.

Det pedagogiske utviklingsarbeidet ved Mo skule har dette året fokus på skulebasert kompetanseutvikling innan klasseleiing og lesing. Skulen nyttar ressursar frå Høgskulen Stord-Haugesund (HSH) og utviklingsrettleiar frå Hordaland Fylke i dette arbeidet.

AKTIVITET

Mo skule har ei tid hatt fokus på tverrfagleg arbeid på tvers av aldersgruppene. Det har vore arrangert fagdagar innan fleire fag med bra læringsutbyte. Desse dagane løyser vi opp timeplanen og elevane arbeider i grupper med ulike tema. Fellesskap og samhandling er i fokus desse dagane.

Den årlege fellesturen ved skulestart gjekk i år til Hellandsdalen. Der hadde heile skulen ein sosial «samanristingstur» med grilling og bærplukking. Seinare på hausten reiste heile Mo skule til Fedje på overnattingstur. Fedje skule tok imot oss på ein fantastisk måte med aktivitetar og sosiale leikar til langt på kveld. Det vart knytt gode relasjonar, og Fedje skule planlegg ein gjensisitt til Mo våren 2016.

Den tradisjonelle lysmessa vart gjennomført også dette året. Elevane har ansvar for det meste av innhaldet i denne lysmessa. Mo skule er svært nøgde med samarbeidet med «Den kulturelle skulesekken», Rikskonsertane og kulturkontoret i Modalen kommune. Desse medverkar til at elevane får eit rikt og variert tilfang av kulturopplevingar gjennom året.

Organisering av skuledagen vart noko endra frå skulestart hausten 2015. Dette vart gjort ut frå evaluering av endringane me gjorde året i førevegen. Me meiner at me no er kome fram til ei organisering som fungerer godt.

Våren 2015 var mellomsteget på leirskule på Beitostølen.

Hausten 2015 var mellomsteget på sykkeltur på Rallarvegen frå Haugastøl til Flåm.



Modalen Barnehage



TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen byr på heildagsplassar. Hausten 2015 har ein hatt ei prøveordning for Barnehage og SFO der ein utvida opningstida om morgonen, opningstida har vore 07.00-16.30. Foreldre kan velja mellom tre- eller femdagars tilbod. Vi arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Borna får eit variert pedagogisk tilbod som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (kr 2 580,-). Ein tredagars plass kostar kr 1 530,- og ein femdagars plass kostar kr 1 940,-. I tillegg kjem pris for kost på kr 160,-, og kr 265,-. Dette inkluderer tre daglege måltid og frukt.

Organisering

Det er ein to avdelings barnehage. Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistentar / fagarbeidarar etter talet på barn. Vedtektene til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma fem barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtektene er det fastsett kor mange barn det skal vere pr. pedagogisk leiar. Tal på årsverk var 9,27 vårhalvåret og 8,87 hausthalvåret inkludert kjøkkenpersonell.

Mål

Visjonen til barnehagen er «Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus». Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. I tillegg har vi satsingsområdet «Mange intelligensar», som bygger på ein teori om at menneske er født med åtte intelligensar og at barn nyttar alle på ein naturleg måte, noko som gjer dei dyktige i å læra. Alle intelligensane heng saman. Det gjeld å arbeida vidare med det barn meistrar. På ein slik måte vert dei betre på det som dei ikkje meistrar så godt. I tillegg er Dei utrolige åra (DUÅ) godt forankra i det daglege arbeidet og i temavala i løpet av året. DUÅ er ein arbeidsmåte for å fremja sosial og emosjonell kompetanse hjå barn, og for førebygging av åtferdsproblem. Det gjev vaksne god kompetanse i å kommunisera med barna, og aukar kvaliteten på relasjonar mellom vaksne og barn.

Kompetanseutvikling

- Personalet har arbeid med ulike tiltak som vart sett i verk etter arbeidsmiljøundersøkinga våren 2014. Ny undersøking visar at det me har jobba med har hatt positiv verknad på arbeidsmiljøet. Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidarsamtalar.
- To fagarbeidarar har dette året delteke på Arbeidsbasert Barnehagelærerutdanning.
- Ein assistent deltek på studiet Speialpedagogikk for assistentar i regi av Kompetansesenter og bedriftshjelp.
- Styrar og ein pedagogisk leiar har delteke på Veiledarstudiet i regi av NLA
- Styrar og Pedagogiske leiarar har gjennomført kurset endringsleiing og kvalitetsheving i regi av Conexus.
- Ressursteam ein gang pr. månad. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Me har stort utbyte av dette teamet, og kan på denne måten setja inn tiltak tidleg for born som treng det.

ØKONOMI

Eit mindreforbruk på løn kjem av unytta stillingar.

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2014	2014	2015	2015		
Barnehage	4 367 343	5 365 104	5 265 104	4 285 619	-979 485	-18,60 %

AKTIVITET

Barnetal

	Vår 2015	Haust 2015
Barnetal	26	21
Tal plassar	31	28
Barnetal frå andre kommunar	5	4

Vi har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om to foreldresamtalar, ein på hausten og ein på våren. Elles har vi hatt to foreldremøte, eit på hausten og eit på våren. Det er valt ein foreldrerepresentant som er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen. For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna har me jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. Vi har òg eit godt samarbeid med Modalstunet, der vi vitjar bebruarane og blant anna spelar bingo og syng ved Luciafeiringa. Me nyttar Bryggjeslottet med basseng, gymnastikksal og bibliotek.

FRAMTID

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil vi alltid ha nye mål og søken etter ny kunnskap. Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Vi legg stor vekt på å følgja borna sine interesser og ser til at barns medverknad vert følgt opp.



Teknisk etat

TENESTER OG OPPGÅVER

Teknisk sjef har leiaransvar for teknisk etat. Under teknisk etat er følgjande tenester organisert:

brannvern, landbruk, vaktmeistertenesta, reinhald og administrasjon.

På teknisk etat er det samla 10,9 årsverk. Desse er fordelt med 3,8 i vaktmeistertenesta, 5,1 innan reinhald og 2 i administrasjonen.

Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avlaup
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved brann, ulukke eller vasskade

MÅL

Teknisk etat har som overordna mål og arbeida for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

- Yta god service til publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd
- Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg
- Gjennomføra tiltaka i økonomiplanen og budsjettet for 2015.

ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik i %
	2014	2015	2015	2015		
Teknisk	11 061 252	11 816 306	12 286 306	11 719 317	-566 989	-4,61 %

Delmål 2015

- Revidert Kommuneplan for Modalen kommune vedteke i kommunestyret fyrste halvår 2015.
- Utbetring av 2 bebuarrom, Modalstunet 2015.
- Utbetring av Øvre Helland vassverk 2015.

Måloppnåing

- Revidert Kommuneplan og arealplan for Modalen kommune vart vedteken i kommunestyret hausten 2015.
- 2 bebuarrom vart utbetra på Modalstunet i 2015.
- Vassverket på Øvre Helland vart utbetra i 2015.

AKTIVITET

Oppussing av 2 bebuarrom på Modalstunet

6 bebuarrom er no ferdig pussa opp. Kostnad for dei siste romma var budsjettert med kr 1 700 000,- (inkludert to bebuarrom med bad). Det er i alt 16 bebuarrom, av desse er det 12 rom der det er trong for oppussing. I fyrste omgang tok ein sikte på å pusse opp 6 rom over ein 3 års periode frå 2013 – 2016 med 2 rom pr. år. Arbeidet med 2 av bebuarromma starta opp hausten 2013, arbeidet med dei to neste romma starta opp i 2014 og dei 2 siste i 2015.

Oppussing av Helsesenteret

I 2013 og 2014 vart helsesenteret pussa opp med samla kostnad på kr 215 589,-. Det vart nytta interiørarkitekt for å planleggja arbeidet. Veggjane vart malt og det vart montert nye persiennar. Vidare var det stor slitasje på eksisterande møblar og innreiing. Det var trong for innkjøp av nye møblar, kjøkkeninnreiing på personalrom, og ny innreiing på laboratoriet ved legekantoret. I tillegg var det behov for å pussa opp inngangspartiet til helsesenteret. I 2015 var det løyvd kr. 350 000,- til å fullføra oppussinga av helsesenteret. I 2015 vart prosjektet med helsesenteret fullført med ein samla kostnad på kr. 332 285,-.

Utbetring av Øvre Helland vassverk

I 2015 vart vassverket på Øvre Helland bygd om. Det vart sett inn UV-anlegg og styring av anlegget vart fornya. Etter anlegget vart utbetra fungerer det bra. Ein del av bygget er også rehabilitert. Vassprøvene frå alle vassverka syner god kvalitet på vatnet.

Investeringar innan vatn og avlaup

I 2015 vart det investert i ny pumpestasjon til bustadfeltet på Helland, ny elektrisk pumpe til Hugnastad vassverk og ny pumpe på Mo vassverk.

Brann

Ny brannbil med utstyr vart bestilt i 2015. Levert i mars 2016.

Det har vore ei utrykking til bilbrann i 2015, to til falsk alarm i Modalstunnelen, ei til ras i Romarheimsdalen og ein assistanse til helsepersonell.

Nytt nødnett vart teke i bruk i oktober 2015. Det har gått med ein del timar til opplæring i bruk av utstyret. I tillegg har mannskapa øvd på objekttilsyn, innsatsplanar brannkummer/hydrantar, redning ved bilulykke, førstehjelp og pumpeøving.

Brevkurs for mannskapa er oppstarta. Ein har hatt oppfriskningskurs på utrykkingskøretøy.

Utbetring av kommunale bustader

Fire kommunale bustader på Kleivane vart utbetra med nye terrasser og to altandører vart skifta. I tre kommunale bustader vart vedomnane skifta ut til reintbrennande omnar. Ein kommunal bustad på Øvre-Helland vart pussa opp innvendig. Det vart utbetra garasjetak, og sett på nye skorsteinshetter på kommunal bustad på Øvre Helland. Ein omsorgsbustad på Øvre-Helland vart malt utvendig i 2015.

Ny asfalt kommunale vegar og plassar.

Det vart asfaltert ved inngangspartiet til helsesenteret, ved Mo kyrkje og ved to komonale omsorgsbustader på Kyrkjeteigen. Vegen til bustadfeltet på Helland er retta opp, og det er gjort klart for å leggje ny asfalt i 2016.

Kunstgrasbane

Det vart investert i ny kunstgrasbane på Mo, og bana stod ferdig fyrste halvår i 2015. Kostnad for prosjektet kr 2 860 000 er finansiert med eigne midlar og tilskot frå spelemidlar. Kommunen forskoterer spelemidlane kr 953 333 (33%).

Vedlikehald kommunale uteområde.

Ein del av skiferhellene på Mo vart skifta ut.

Utvendig vedlikehald av Bryggjeslottet.

Taket vart vaska, og heile Bryggjeslottet vart malt utvendig i 2015.

Nytt næringsbygg/kommunehus

Kommunestyret vedtok å utarbeide eit skisseprosjekt for «Modalen nærings- og tenestesenter» i Mo sentrum. Det vart halde ein open anbodskonkurranse om arkitekttjenester, og i mai 2015 vart det HRTB arkitektar som vart vald til å lage eit skisseprosjekt. Hausten 2015 vart skisseprosjektet presentert i kommunestyret. Skisseprosjektet vart godt motteke. Prosessen vidare vil starte opp hausten 2016.

Utbetring ved bryggjeslottet/båthamn

Kompensasjonsmidlar – kr 1 010 000, vert brukt til utbetring av området ved Bryggjeslottet. Prosjektet vert avslutta i mai 2016. Kostnad vert ca. kr 1 350 000.

Kalkstasjon ved Espenest

Kostnad for prosjektet er ca. kr 6 millionar som er finansiert med tilskot frå staten.

Utvendig maling kommunale bygg.

Ein kommunal omsorgsbustad på Øvre Helland vart malt og kroa på Mobryggja vart malt i 2015.

Byggjesaker

I 2015 var det handsama 3 «eitt-trinnsøknader», eit rammeløyve og eit igangsetjings løyve. Det vart også gjeve løyve til oppsetting av prøvespenn i samband med ny kraftlinje på Steinsland, og løyve til rehabilitering av dam. Det er gjeve eit førehandsvarsel om ulovlig tiltak. Det er ei ledig kommunal tomt på Mo, 4 på Helland og ei tomt på Øvre Helland.

Kart, matrikkel og skråfoto

Det er teke nye ortofoto i 2015 over deler av Modalen. Kart vert oppdatert i 2016. Kart vert oppdatert når det vert oppretta nye eigedommar og det kjem nye bygg.

Kommuneplan Modalen kommune

I samband med arbeidet med rullering av kommuneplan vart det inngått kontrakt med Norconsult AS om kjøp av konsulenttenester. Arbeidet starta opp i desember 2012 og kommuneplan for Modalen kommune vart vedteke hausten 2015.

Vaktordning/ utetenesta

Vaktordninga har fungert bra i 2015. Me har hatt ein del utrykkningar, spesielt i samband med straumbrot. Det har også vore utrykkningar i samband med flaum.

Sommarjobb

20 ungdommar frå Modalen i alderen 15 – 22 år har hatt sommarjobb i kommunen i 2015. Dei har tilbod om 3 veker. Arbeidet er fordelt på Bryggjeslottet, Modalstunet og barnehagen. Tilbodet gjeld for ungdom som har gjennomført 10.klasse i Modalen.

Reinhalddenesta

Reinhalddarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds- og bemanningsplanar. Me har no eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester.

Framtid

I året som kjem vil vi ha fokus på økonomi, vedlikehald av kommunale bygg, brannberedskap, landbruk, kommunale vegar, vatn og avlaup, kart/matrikkel og planarbeid.

Landbruk

Landbruksavdelingane i Modalen, Vaksdal og Masfjorden har gjennomført kompetanseheving blant nye bønder i kommunane, det har vore arrangert fleire møter med ulike landbrukstema. I Modalen er det i dag 11 aktive bønder, av desse driv 5 med mjølkeproduksjon, 5 driv med sauehald og ein driv med førsal. 1632 dekar med jordbruksareal er halde i drift i kommunen. Aktiviteten i landbruket utløysar ca. 2,2 millionar kroner i produksjonstilskot og ca. 37.000 kroner i regionalt miljøprogram. I 2015 var det ein søknad om SMIL-midlar. Det har vore utført mykje godt arbeid av beitelagane på utbetring av sankegjerder, bruar og liknande. Modalen har sommerstid eit stort tal sauer frå heile regionen på beite.

Skog

Det har vore litt mindre aktivitet i skogen, det vart i 2015 avverka 214 m³ med tømmer.

Hjorteviltforvaltning

Dei tre valda i Modalen fekk i juli 2014 godkjent sin nye bestandsplan og var i 2015 i sitt andre år. I jaktåret 2015 var det felt 70 dyr av ein kvote på 102 dyr. Dette gjev ein fellingsprosent på 68,6 %. Det har vore halde møter på Mo om det pågåande bestandsplanprosjektet for Hordaland. Bestandsplanområde inkluderer Modalen, deler av Eksingedalen og delar av Voss.

